

Statnett SF  
Gunnar G. Løvås  
PB 4904 Nydalen  
0423 OSLO

Deres referanse  
21/00556-1

Deres dato  
31.05.2021

Vår referanse  
288447-v1

Dato  
31.08.2021

## Høyringsuttale på Revidert Nettavtale for Transmisjonsnettet

Haugaland Kraft Nett ser positivt på at det blir oppretta ein tilknytningsportal for å effektivisera handsaminga av søknadar om tilknytning av nytt forbruk og ny produksjon, og vi håpar at det fører til raskare sakshandsaming.

Haugaland Kraft Nett støttar målet om å utvikla nettet så effektivt som mogleg. Identifikasjon av ledig kapasitet, plansamarbeid og felles informasjonsløysingar er viktige problemstillingar som må løysast gjennom godt og tett samarbeid mellom Statnett og regionalnettsselskapene. Vi opplever ikkje at avtalen er balansert på dette området og han kan virka suboptimal. Samarbeid er nøkkelen her både med tanke på ledig kapasitet og planmessig auke av kapasitetsgrenser.

Vi stiller også spørsmål ved ein del andre forhold i avtalen:

Kapittel 3.1 i høyringsnotatet handlar om effektgrenser. Der ser det ut som om effektgrensene vil vera forholdsvis absolutte, uansett kor langvarige effektoppane er. Haugaland Kraft Nett ser for seg at det mange stader kan gjerast skilnad på langvarige og kortvarige effektoppar fordi dei fleste komponentar i nettet toler kortvarige effektoppar betre enn meir langvarig like høg effekt. Eit døme kan vera at elektriske ferjer som ligg til kai og ladar 5 – 10 minutt om gongen ikkje varmar opp linjer, kablar og transformatorar like mykje som eit cruiseskip som skal ha landstraum med same effekt 5 timer om gongen.

I kapittel 3.4 i høyringsnotatet står det noko om at kapasitetsgrensene kan inkludera ein forventa prognose for alminneleg forbruksvekst. For at dette skal fungera etter intensjonen, er det viktig at det blir mogleg å tilknytta kundar innanfor forventa prognose for alminneleg forbruksvekst. Dette gjeld også kundar over 1 MW.

I kapittel 4.1 i høyringsnotatet står det noko om normalband for reaktiv utveksling. Vi minner om at det er ein samanheng mellom reaktiv effekt og spenning. Nokre stader i nettet må ein godta ein del variasjonar i reaktiv effekt for å greia å halda stabil spenning, kanskje til og med utanfor det som blir definert som normalband. På slike stader vil det gje feil signal å kreva at

reakтив effekt skal haldast innanfor eit smalt normalband og kreva betaling frå aktørar som bidrar med spenningsregulering. Det kan i ein del tilfelle vera på lågare spenningsnivå det må stila krav om spenningsregulering. Andre stader i nettet vil det vera heilt uproblematisk å halda seg innanfor ein normalband for reaktiv effekt. Vi ser derfor for oss at det må tas individuelle vurderingar på kor breitt normalbandet skal vera ulike stader i nettet.

Etter at Statnett har overtatt transformatorane mellom 300 kV og 66 kV, har det også følgt med nokre kondensatorbatteri. Det er desse kondensatorbatteria vi tidlegare har brukt til å regulera reaktiv effektutveksling med. Det er få av dei kondensatorbatteria Haugaland Kraft Nett har andre stader i nettet som er regulerbare. Avrekning av reaktiv effekt utover eit normalband er fornuftig for å hindra for stor flyt av reaktiv effekt i nettet, men med unntak av ein ganske kort strekning betyr det lite for flyten av reaktiv effekt i nettet om kondensatorbatteriet står på eine eller andre sida av grensa mellom to nettselskap eller to nettnivå. Derfor bør det, i alle fall i ein overgangsperiode, tas omsyn til kondensatorbatteri nær eigarskilje eller skilje mellom nettnivå ved eventuell avrekning av reaktiv effekt. Vi håpar at punktet «Det kan inngås avtaler der Statnett og/eller Kunden utnytter en reaktiv ubalanse til spenningsregulering i sitt nett dersom det er gunstig for begge parter» i vedlegg 3 d til nettavtalen kan praktiserast slik at ein kan ta omsyn til kondensatorbatteri som av ein eller annan grunn har hamna på ei ugunstig side av ei grense.

I punkt 6 i forslaget til nettavtale står det: «Statnett og Kunden kan avtale tilknytning med vilkår om forbruks – eller produksjonsbegrensning, jf. hhv. NEM § 3-2 og § 3-3, dersom tilknytning med ordinære vilkår ikke er driftsmessig forsvarlig i eksisterende nett. Tilknytning med vilkår om forbruks – eller produksjonsbegrensning vil kunne være et alternativ til å betale anleggsbidrag for nødvendige investeringer i nettet.» Det er ønskjeleg at vilkåra om produksjonsavgrensing som alternativ til å betala anleggsbidrag kan oppretthaldast også i periodar det ville ha vore driftsmessig forsvarleg med tilknytning på ordinære vilkår for nokre kundar. Det kan skuldast at det ikkje er driftsmessig forsvarleg å knytta til kunden på ordinære vilkår på lågare nettnivå, og at det kan koma nye periodar nokre år seinare det ikkje er driftsmessig forsvarleg i transmisjonsnettet å knytta til nye kundar på ordinære vilkår. Det er nokre kundar som lettare enn andre kan tilpassa seg forbruksavgrensing eller utkopling ved feil i nettet, og det er ikkje hensiktmessig å endra vilkår for desse kundane fram og tilbake fordi det ein periode like etter forsterking av transmisjonsnettet ville ha vore driftsmessig forsvarleg å tilknytta denne kunden på ordinære vilkår dersom tilknytning av andre kundar mest sannsynleg vil føra til at dette bare dreier seg om ein avgrensa periode.

Haugaland Kraft Nett støttar ikkje fremlagt avtaleutkast og foreslår at ny nettavtale blir utvikla gjennom drøftinger mellom partane.

Med vennlig hilsen  
Haugaland Kraft Nett AS

*Håvard Singelstad*

Håvard Singelstad  
seksjonsleiar Nettutvikling

*Odd Håland Øksnevad*

Odd Håland Øksnevad  
Sivilingeniør  
Odd.Haland.Oksnevad@hkraft.no